Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal

Emne: Veving

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Veka.

Gard:

(adresse): Brattveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Veomåtar. Til mannsklæ bruka ein det ein kalla "vendavedmål" til buksor, "trøyer og vestar.

2 Til kvinnklæ, til kjolar, huver, underbukser og skjurter bruka ein "tvistjeft", ein sa. Det vert kje så tjukt det. Vendavedmål var tjukkare, sterkare, og høvde betre til mannsklær.

Ein laga og møsokkar av vendavedmål

Til kvitlar bruka ein både vendavedmål og tvistjeft.

I vevnaden til høgtidel (jutevar) hadde ein avleta stripor, raudt, blått, grønt og slik var det med dynetrekkliå og. Dei med var reika, men di sa — i grønt, blått, gult, kvitt. Det var og tvistjeft vevnad.

10227

Sandklær, dukar, likklær var linvonad.

Dei hausta lin i Suldal i gamal tid. Det finst enno att nokre linbråkei.

På Eide i Sauda er linduker som er over 200 år. Dei er vovne på Muldal i Sauda. Og dei er fine den dag i dag.

Til åkler tok dagleg bruk sjeldan ein ruske-ull mykje. Altså grov-ull. Til fine åkleb bruka ein av den fina ullo, som dei sa. Med fine åkle meinast her åkler ein hadde på gjestesengei. Dei var fleirfarga, og vovne i ymse slag mønster. Men her i Suldal nytta ein det ein kalla "døkke letei (fargar) frå gamalt.

I seinare tid nytta ein bomullsrenning. Men i frå gamalt var det ullrenning.

Til bosbreier, teppet oppå sengekalmen, brukte ein å veva av noandt gadn (ringare kvalitet). Dei var jamnast samalita kvite eller grå.

Bosbreiene vart og kalla rugger

10227

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei likaste ~~kross~~ åkleda vart kalla krossåkle. Og vevnaden krossvevna. Og så hadde dei gjerne borde i rosemønster.

Det var stor ferdsle mellom Telemark (og Setesdalen) og Suldal i gamal tid. Og vevnaden i Indre Ryfylke i det heile er påverka av vevnaden austanom fjella. Som gamal dekor og rosemåling er del.

Dei vov og mykje bygdaband, dei kalla. Til sokkeband og hårband. Ofte med rosemønster. Den dominerande leten (fargen) var raudt.

Ein vov bygdaband i vanlege vevgogner. Men sume hadde sers vevgogner til bygdaband. Ingeborg Djuvik, som nå er kring 80 år, har ennå ei slik lita vevgogn. Og har nytta ho lite at nå.

10227

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING